

SONG TIL KRAFTUTBYGNINGA.

Tone

No livnar det i lundar.

I alle år<sup>1</sup> og dagar,  
eit gjetord sjein som sol,  
når svolten folket plagar,  
dreiv fossen kvern som mol.

2

Soleis har Svultingfossen  
hjå folk ein godhug fått,  
den var den sterke gossen,  
gav hjelp når det var smått.

3

Den var so mild i målet  
om kveld, som huldrekvad.  
Å! Sveip omkring meg stålet,  
so gjer eg folket glad.

4

Då kom det store hende.  
Her Hysing gjek på lur,  
han snøygt sit syra vende  
til fossens lokkedur.

5

Tilhøva han då granska  
og fann dei god og gjild,  
han fekk nok mange vanskar,  
men fossen lokka mild.

6

Jau han fekk fossen venda  
og kledd i berg og stål,  
so krafta han kan senda,  
til ljós og gjeremål.

7

Ja folket dei fekk hugna  
og fleire større mål  
Og Svultingfossen stunda,  
om hjelp i alt det gnål.

8

Sit huldrelokk den sende  
til brøderne i nord,  
Stakaldefossen vende  
sin hjelp til glade bror.

9

Å Hysing han fekk æra  
at bera bodi fram  
til folket som fekk læra,  
me saman hjelpast kann.

10

Som brør dei no arbeider  
kvar sin turbin isving.  
Til ære og til heider,  
som sler om krafta ring.

11

Breid fosselokk og tonar  
til alle ein og kvar,  
som set i myrke sonar,  
dei ventar me er snar.

Og!